

Isdal skog- og veglag
Isdal 85
5916 Isdalstø

Alver kommune

Isdal, 06.03.2023

- Miljøretta helsevern
- Vatn- og avløpsavdeling
- Kommuneadvokaten
- Landbrukskontoret

Litlavatnet og Langavatnet som vasskjelde

Isdal skog- og veglag vil syne til pågåande arbeid i Isdal si felles utmark med bygging av skogsveg og uttak av tømmer. Gjennom dette arbeidet har det oppstått ein diskusjon omkring Litlavatnet og Langavatnet som privat kjelde for drikkevatt og næringsverksemd knytt til garden Åse. Hogstfeltet til Isdal ligg i nedslagsfeltet til Langavatnet, som ligg i grensa mellom gardane Isdal, Åse og Erstad. Litlavatnet ligg nedstrøms Langavatnet. Langavatnet har tidlegare vore vasskjelde til Knarvik, men dette avslutta dels med grunn i at vatnet vart karakterisert som ueigna som drikkevasskjelde etter vår kjennskap.

Vi veit ikkje når Litlavatnet vart teke i bruk som vasskjelde for Åse, men som grunneigarar til Langavatnet har vi aldri vore varsla eller blitt spurt om tillating til dette. Vidare har krava til dokumentasjon av drikkevatt blitt strengare, og i dette høve er det eit viktig spørsmål då drivar av privat vassinntak ikkje ser at han har eit sjølvstendig ansvar for dette.

Med grunn i dette ønskjer vi svar på fleire tilhøve:

- 1) Kan ein drive levering av vatn til bustad og næring utan å registrere dette på noko vis?
- 2) Kan eit privat vassverk levere vatn til drikke og næringsverksemd utan dokumentasjon på vasskvalitet, både når det gjeld råvatn og reinsa vatn?
- 3) Kan ein privatperson leggje ut ein slange i eit vassdrag/vatn utan å forholde seg til andre grunneigarar, og hevda at han har ein drikkevasskjelde?
- 4) Kan ein vidare aktivt gå inn for å bandleggje all anna bruk i eit vassdrag og hevde eksklusiv rett til bruk?
- 5) Er det tersklar i høve til tal på bustadar, tal på innbyggjarar, volumforbruk for dette tilfellet?
- 6) Kan endra, ny eller auka bruk og aktivitet som treng vatn på Åse finne stad før desse forholda (over) er avklart?
- 7) Er det noko til hinder for at gardsområdet på Åse kan koplast til offentleg vasskjelde, som går i røyr i grunnen like ved?

Isdalgardane har i åra 2021-23 investert i ein skogsveg til mange millionar, og skal etter planen drive næring med skogdrift i mange år framover. Då treng vi avklarte tilhøve kring drifta. Ei forutsigbar løysing for omgjevnadane vil vere at gardsområde på Åse vert kopla til offentleg vassverk.

Vedlagt er vår kortfatta gjennomgang og oppfatning av gjeldande rammer for forsyning av vatn. Vidare ei oversikt over tilhøve rundt Langavatnet og Litlavatnet.

Helsing styret i Isdal skog- og veglag v/

Aina Isdal Haugland

Vidar Ingebregtsen

Jan Morten Dale

Hans Kristian Dolmen